



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Samfunnshuset
Dato: 31.05.2007
Tid: 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B-saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når B-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

Orientering frå Tussa Kraft AS v/adm. dir. Elling Dybdal
Orientering frå Statnett – 420 kv kraftlinje Ørskog - Fardal

SAKLISTE

Saksnr.

- | | |
|----------|--|
| PS 52/07 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 53/07 | Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte |
| PS 54/07 | Etablering av NAV Volda |
| PS 55/07 | Byggeområde Austefjord – grunnavtale |
| PS 56/07 | Trongen for omsorgsbustader i Volda kommune |
| PS 57/07 | Fjøstomt til Sagarelva Samdrift - avklaring i forhold til pågåande planarbeid |
| PS 58/07 | Etablering av vinmonopolbutikk-godkjenning av lokalitet |
| PS 59/07 | Reguleringsplan Øvre Skjellebreida
Handsaming etter offentleg ettersyn |

PS 60/07 **Sluttrapport frå prosjektnemnda for cruisehamn i Volda**

PS 61/07 **Nordvestkompetanse Eigedom AS - tilbakemelding til
kommunestyret**

Gruppemøte på rådhuset:

Tysdag 29.05.07:

Høgre:	kl. 18.00	Møterom A
KRF:	kl. 18.15	Kantina
SV:	kl. 20.00	Møterom A
FRP:	kl. 18:15	Møterom C

Onsdag 30.05.07:

AP:	kl. 19.30	Møterom A
V:	kl. 20.00	Kantina
SP:	kl. 20.00	

PS 52/07 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 53/07 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Svein Egil Johannessen	Arkivsak nr.:	2007/1139
		Arkivkode:	024

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
24/07	Driftsstyret	16.05.2007
54/07	Kommunestyret	31.05.2007

ETABLERING AV NAV VOLDA

Behandling i DRIFTSSTYRET den 16.05.03 sak 24/07

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1 Volda kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre.*
- 2 Volda kommunestyre godkjenner driftsavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre.*
- 3 Volda kommunestyre godkjenner husleigeavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre, med den endring at leigar skal betale straum og reinhald. Sjå pkt.9 i avtale om leige av lokale.*
- 4 Volda kommunestyre løyver inntil kr. 300.000,- til sin andel av etableringsbudsjettet 2007. Finansiering: Disposisjonsfondet.*
- 5 Volda kommunestyre løyver kr. 2,9 millionar til utbygging av NAV Volda.*
- 6 Finansiering: Låneopptak.*

Handsaming:

Framlegg frå representanten Jan Henning Egset til nytt pkt 3.

3. Volda kommunestyre godkjenner husleigeavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre, med den endring at leigar skal betale straum og reinhald. Sjå pkt.9 i avtale om leige av lokale.

Røysting:

Tilrådinga pkt.1, 2, 4 og 5 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 med tillegg av framlegget frå Egset vart samrøystes vedteke.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre. Volda kommunestyre godkjenner driftsavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre.*
- 3. Volda kommunestyre godkjenner husleigeavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre.*
- 4. Volda kommunestyre løyver inntil kr. 300.000,- til sin andel av etableringsbudsjettet 2007. Finansiering: Disposisjonsfondet.*
- 5. Volda kommunestyre løyver kr. 2,9 millionar til utbygging av NAV Volda. Finansiering: Låneopptak.*

Vedleggsliste:

- V1.Lokal samarbeidsavtale mellom Volda kommune og NAV Møre og Romsdal
- V2. Driftsavtale mellom Volda kommune og NAV Møre og Romsdal
- V3.Leige av lokale mellom NAV Møre og Romsdal og Volda kommune
- V4.Teikning av NAV – lokalet
- V5.Kostnadsoverslag
- V6.Analyse NAV – midlar for 2006 og 2007
- V7.Kostnadsveileder
- V8.Lokal prosjektplan
- V9 Etableringsbudsjett 2007

Uprenta saksvedlegg:

- Lov om arbeids – velferdsforvaltningen
- Veileder til samarbeidsavtale. KS og Arbeids – og velferdsetaten
- Rammeavtale mellom KS og Arbeids – og inkluderingsdepartementet

Samandrag av saka:

NAV – reforma vart vedteken av Stortinget den 31. mai 2005. Arbeid, trygd og sosialtenesta slåast saman til ei eining. I forkant av Stortinget sitt endelege vedtak sendte Volda kommunestyre to uttalar i samband med dei førebuande høyringane om NAV – reforma.

Stortinget vedtok mellom anna at det skal etablerast minst eitt NAV – kontor i kvar kommune. NAV – kontora skal etablerast og driftast i eit likeverdig samarbeid mellom staten og kommunane. Etablering og drift skal formaliserast i ein framforhandla samarbeidsavtale mellom staten og kommunane og endeleg vedtakast av kommunestyra. NAV – reforma skal vere gjennomført i alle landet sine kommunar 31.12.2009.

Aetat og trygdeetaten vart lagt ned 1.juli 2006 og samla i NAV (ny arbeids – og velferdsforvaltning).

Volda kommune sin politiske og administrative leiing har følgd opp arbeidet med NAV – reforma etter Stortinget sitt vedtak i 2005. I oktober 2006 vart det halde eit møte mellom NAV Møre og Romsdal sin direktør og politisk og administrativ leiing i Volda kommune.

Som eit resultat av dette møtet fekk Volda kommune i november 2006 klarsignal frå staten om etablering av lokalt NAV – kontor i 4. kvartal 2007.

Volda kommune vert såleis ein av dei tretten første kommunane i Møre og Romsdal fylke som etablerer NAV – kontor.

4. januar 2007 vart det halde NAV - oppstartmøte i Ørsta. Volda kommune var representert med ordførar, administrasjonssjef og sosialleiar.

25. januar i år oppretta NAV Møre og Romsdal og Volda kommune ein felles prosjektorganisasjon (v8) som skal drifte etableringsprosjektet fram til opning av kontoret – NAV Volda. Etableringsprosjektet har ei styringsgruppe, ei prosjektgruppe og tre arbeidsgrupper samansett av statlege(trygd og arbeid) og kommunalt(sosial) tilsette samt brukarrepresentasjon(råd for funksjonshemma). Dei tilsette er representert med tillittvalt med i styringsgruppa og prosjektgruppa. Brukarane er representert i ei arbeidsgruppe.

Volda kommune har leiarrollane i etableringsprosjektet. Administrasjonssjefen leiar styringsgruppa og tidlegare sosialleiar er prosjektleiar.

Volda kommunestyre fekk 29.mars 2007 orientering om etableringsprosjektet frå ass. direktør NAV Møre og Romsdal og lokal prosjektleiar.

NAV – leiar vert tilsett på kommunale vilkår frå og med 1. mai 2007 og fungerer i prosjektperioden som prosjektleiar fram til NAV Volda opnar i 4.kvartal.

NAV Volda vert lokalisert i rådhuset og flyttar inn i tidlegare biblioteklokalet med om lag 15 statleg – og kommunalt tilsette.

Etableringsprosjektet har no arbeidd fram dei avklaringane som trengs før politisk handsaming. Styringsgruppa har godkjent samarbeidsavtalen med vedlegga driftsavtale og husleigeavtale. Adm.sjefen legg med dette samarbeidsavtalen mellom NAV Møre og Romsdal og Volda kommune fram for endeleg vedtak i kommunestyret.

Saksopplysningar:

Lokal samarbeidsavtale (vedlegg 1) regulerer samarbeidet mellom staten v/NAV Møre og Romsdal og Volda kommune. Etableringsprosjektet lokalt har arbeidd fram samarbeidsavtalen, og det er ført reelle tingingar i styringsgruppa. Resultatet av tingingane leggest no fram for kommunestyret. Tingingane har vore gode og konstruktive, og staten og kommunen er ikkje usamde på nokon av dei 18 avtalepunkta som samarbeidsavtalen inneheld.

Partane har utforma avtalen med heimel i lov om arbeids – og velferdsforvaltning og vegleiareren mellom KS og departementet som gjeld for inngåing av lokale samarbeidsavtalar.

Adm.sjefen vil syne til at dette er ein omfattande avtale og vil difor nytte høvet til å kommentere dei 18 punkta i samarbeidsavtalen. Ein vil også kort kommentere driftsavtalen (vedlegg 2) og husleigeavtalen (vedlegg 3). Desse to avtalane er vedlegg til samarbeidsavtalen.

Adm.sjefen gjer merksam på at partane signerer avtalane etter kommunestyret sitt endelege vedtak.

Lokal samarbeidsavtale mellom Volda kommune og NAV Møre og Romsdal.

Pkt. 1. Samarbeidspartar.

Punktet syner til kven som er avtalepartar og kva samarbeidsavtalen handlar om.

Pkt. 2 Føremål.

Samarbeidsavtalen er inngått med heimel i lov om arbeids – og velferdsforvaltning § 14. Føremålet er i samsvar med lova sine mål og inngått rammeavtale mellom Arbeids – og inkluderingsdepartementet og KS.

Samarbeidsavtalen slår fast at NAV Møre og Romsdal og Volda kommune er likeverdige samarbeidspartar. Samarbeidspartane skal arbeide for å skape eit godt arbeidsfellesskap som skal framstå som ei velfungerande eining for brukarane i kommunen.

NAV Volda skal arbeide for å nå dei sentrale og lokale målsetjingane som kjem fram av denne avtalen. Det vert NAV – leiar sitt ansvar å konkretisere dei lokale utfordringane, jf. samarbeidsavtalen

Partnerskapsmøtet vil årleg justere mål og oppgåver for NAV Volda med bakgrunn i kommunal - og statleg styringsinformasjon, endra konjunkturar, sosiale forhold lokalt og dei til ein kvar tid gjeldande rammevilkår elles.

Pkt. 3 Styring og leiing av NAV Volda

Pkt 3.1 Partnerskapsmøte

NAV Volda eigast og driftast i eit forpliktande samarbeid mellom staten og kommunen. Samarbeidet er konkretisert med ansvar og køyrereglar som følgjer av dette punktet.

Denne overordna styringsforma er allereie praktisert i vårt lokale etableringsprosjekt. Styringsgruppa har den same funksjonen som eit partnerskapsmøte. Røynsleane frå denne måten å styre på er etter adm.sjefen si vurdering gode.

Adm.sjefen syner til kulepunkt 3 og gjer det klart at kommunestyret gjennom sine årlege budsjettvedtak vedtek kommunen sin del av driftsbudsjettet. Staten sin del av driftsbudsjettet vil kome fram over statsbudsjettet.

Pkt. 3.2 Leiar av NAV Volda

Avtalen slår fast at NAV Volda skal ha ein felles leiar med dei fullmakter, ansvar og oppgåver som NAV Møre og Romsdal og Volda kommune legg til leiaren. Den kommunale sosialleiarstillinga vert ikkje ført vidare. Dei statlege sjefstillingane som trygdesjef og distriktsarbeidssjef vert heller ikkje ført vidare. Desse tre tidlegare leiarstillingane vert gjort om og stillingshavarane får nye definerte oppgåver i NAV.

Pkt. 3.3 Tilsetjing av NAV – leiar

Samarbeidspartane er samde om tilsetjingsreglane som dei går fram av dette punktet. Desse reglane er allereie praktisert gjennom tilsetjing av leiar av NAV Volda.

Tilsetjingsreglane vert å legge til grunn for seinare tilsetjingar av NAV – leiar i Volda.

Pkt. 4 Tilsetjing av medarbeidarar i NAV Volda

Løn - og tilsetjingsforhold følgjer av dei respektive hovudavtalane. Statleg tilsette vert framleis statlege og kommunalt tilsette vert framleis kommunale. Nytilsetjingar vil skje i

samsvar med anten kommunalt eller statleg lov og avtaleverk som følgje av arbeidsgivaransvaret

Pkt. 5 Tilsette sin medverknad

Dei tilsette sin rett til medverknad vert slått fast i samarbeidsavtalen. Adm.sjefen syner til at denne retten er sikra og praktisert i etableringsprosjektet ved at statlege og kommunalt tilsette er representert i alle ledd i prosjektarbeidet. Tillitsvalte frå staten og kommunen har ved fleire høve hatt møte saman. Adm.sjefen syner til at NAV – leiar får ansvaret for at NAV Volda opprettar eit samarbeidsorgan med statleg og kommunalt tilsette.

Pkt.6 Lokale mål – og resultatkrav

Adm.sjefen syner til kravet om årsplan for verksemda i kontoret. Vidare er det krav om mål – og resultat, og reglar for korleis desse krava skal følgjast opp og rapporterast inn til staten og kommunen. NAV Volda skal styrast - /instruerast av NAV Møre og Romsdal og Volda kommune slik det går fram i pkt. 6.

Pkt. 7 Utføre oppgåver på kvarandre sine ansvarsområde

Volda kommune og NAV Møre og Romsdal delegerer til NAV – leiaren dei naudsynte fullmakter i høve kommunalt og statleg delegasjonsreglement. Partane er samde om at kommunen og staten kan utføre oppgåver på kvarandre sine ansvarsområde etter nærare reglar. Adm.sjefen syner også til pkt 3.2 der leiaren vert gitt fullmakt til organisere kontoret på tvers av tilsetjingstilhøva. Direktøren i NAV Møre og Romsdal og administrasjonssjefen i Volda kommune vil gi NAV – leiaren dei naudsynte fullmaktene seinast før opning av NAV Volda.

Pkt. 8 Tenesteområde som inngår i NAV Volda

Dei kommunale og statlege tenestene som skal inn i NAV Volda har vore gjennom ei brei og omfattande vurdering i etableringsprosjektet. Arbeidsgruppa for tenesteinnhald og samhandling har lagt fram ein statleg og kommunal tenestemeny som styringsgruppa har godkjent. Etter adm.sjefen sitt syn har ein no ein kommunal og statleg tenestemeny som samla sett tek i vare NAV – reforma sine krav om å få fleire i arbeid og aktivitet, betre tilgjenge for brukarane og heilskapelege tenester.

Adm.sjefen vil ikkje vurdere kvart enkelt tenesteområde særskild. Pkt. 8 er dekkjande og gir eit bilete av kva tenester NAV Volda skal yte til brukarane.

Når det gjeld dei statlege tenestene så er dette tenester som kommunestyret ikkje har mynde til å vedta noko frå eller til. NAV legg til NAV Volda dei tidlegare tenestene og oppgåvene frå trygd og arbeid som sikrar at NAV Volda vert eit fullverdig NAV – kontor for brukarane. Adm.sjefen vil samstundes gjere merksam på at nokre forvaltningsoppgåver som i dag vert utført i arbeid og trygd lokalt vert etterkvart lagt til NAV sine spesialeiningar. Forvaltningsoppgåver samlast i spesialeiningar for å frigi tid til NAV – kontora sine hovudoppgåver som skal vere rettleiing og oppfølging av den einskilde brukar.

Adm.sjefen legg til NAV Volda dei kommunale tenestene som går fram av pkt. 8. Dette er ei minimumsløysing +. Minimumsløysinga + er dei lovpålagde tenestene økonomisk sosialhjelp, individuell plan og informasjon, råd og vegleiing pluss dei tenestene som avtalen syner til. Dei kommunale tenestene vil saman med dei statlege tenestene representere eit meir heilskapeleg tenestetilbod.

Ei minimumsløysing + vil ikkje utløyse krav til fleire kommunale årsverk enn dei årsverka som partane har fastsett i driftsavtalen.

Dei tenestene og oppgåvene som sosial har i dag og som ikkje er NAV – oppgåver, vert skilt ut frå sosialavdelinga og lagt til kommunen. Adm.sjefen vil så snart som råd etter at samarbeidsavtalen er vedteken gå i gang med arbeidet med å fordele desse tenestene, oppgåvene og ressursane frå sosial til nye kommunale ansvar. Når NAV Volda vert etablert vil sosialavdelinga ikkje lenger vere ei eiga avdeling, men vere ei sosialteneste med kommunalt NAV – tilsette.

Pkt. 9 Samhandling med tilliggande kommunale og statlege tenester

Kva samhandlingspartnarar som kan vere aktuelle for NAV Volda er gjort greie for i dette punktet. Adm.sjefen ser det som viktig at NAV – kontoret ikkje vert ”ei øy i havet” utan mulegheiter til å samarbeide med relevante kommunale og statlege instansar. Ettersom NAV Volda vert ei eiga eining med strenge føringar på kva NAV – kontoret skal drive med, er det etter adm.sjefen sitt syn særskild viktig å klargjere samhandlingsaktørar og i kva grad samhandlingane trengs formalisering.

Denne opplistinga av meir formelle avtalar ekskluderer ingen av dei som ikkje er oppført i pkt. 9 til å ha kontakt og samhandling med NAV Volda og motsett. Siste avsnittet i avtalen sitt pkt 9 seier det. Etter adm.sjefen sitt syn vil orden og klare avtaler mellom aktørane truleg sikre at brukarane får rett hjelp av rett instans og til rett tid. Dette skal også motverke at brukarar vert ”kasteballar” mellom NAV Volda og kommunale og statlege instansar

Det utdrag som pkt.9 i avtalen syner til representerer dei samhandlingsaktørane som arbeid, sosial og trygd i dag har kvar for seg. Ser ein pkt. 8 og 9 i ein samanheng vil adm.sjefen peike på at NAV Volda sin tenestemeny utgjør ein heilskap som innfrir dei krava som er fastsett i NAV – reforma.

Pkt. 10 Brukarmedverknad

Eit berande prinsipp i NAV – reforma er å gjere tenestene betre og enklare for brukarane. Samarbeidsavtalen pkt. 10 slår fast reglane for brukarmedverknad på statleg og lokalt nivå. Adm.sjefen vil opplyse om at kommunen sitt råd for funksjonshemma har vurdert kven som skal utgjere det lokale brukarutval i høve til NAV Volda. Råd for funksjonshemma har i sitt vedtak av 22.03.2007 vedteke at dei representerer brukarane i høve NAV Volda. Adm.sjefen meiner dette kan verte ei god og praktisk ordning. Rådet er samansett av både folkevalde og brukarrepresentantar. Som eit kommunalt organ skal rådet representere alle brukargruppene og dei har faste møtetider.

I etableringsprosjektet er råd for funksjonshemma representert med ein representant i arbeidsgruppa for fysisk utforming av NAV – lokale.

Adm.sjefen gjer det klart at det uansett er NAV – leiar som har ansvaret for - og leiinga av alt arbeid /samarbeid med brukarutvalet som vedkjem NAV Volda.

Pkt. 11. Universell utforming

Kravet til universell utforming vert avtalefesta. Adm.sjefen syner til at utforminga av NAV – kontoret med tilhøyrande gangareal, toalett, uteareal og handicapparkering vert utført i samsvar med krava. NAV Møre og Romsdal var i Volda før detaljplanlegginga tok til på syfaring i NAV – lokalet, rådhuset og uteområda elles.

Pkt. 12. Kompetanseutvikling

Punktet slår fast kravet om ein årleg kompetanseplan i NAV Volda. Vedtaksmynde er lagt til partnerskapsmøtet fordi planen er eit styringsdokument som har budsjettverknadar. Utarbeiding og oppfølging av kompetanseplanen er NAV – leiar sitt ansvar. Kompetanseplanen skal sjå til alle tilsette i NAV Volda får lik tilgang til kompetanseutviklingstiltak.

Pkt.13 Personvern/Informasjonstryggleik/ Beredskap

Dette punktet er for omfattande til å gjere nærare greie for i denne saksutgreiinga. Samarbeidsavtalen slår fast at NAV Volda skal følgje regelverk, avtaleverk og innarbeide rutinar som sikrar dei nemnte omsyna. Adm.sjefen ser at her kan ligge nokre utfordringar for både tilsette og brukarane når ein no bygg ned skrankar, legg vekk ekspedisjonsmodellen, og opnar kontorlokala for å møte brukarane midt på golvet. NAV – lokalet er teikna med rømingseigar, og møtet med brukarane skal gjerast på ein slik måte at personvernet ikkje vert utfordra.

Pkt. 14. Informasjon/profil

Dette punktet vedkjem kva brev/malar NAV Volda skal nytte seg av – og når. Elles vert det opp til NAV – leiar å finne ut av korleis ein vel å profilere brev, mm. Når det gjeld skilting så ligg det føre retningslinjer som ein berre kan følgje. Innreiinga skal vere funksjonell og brukarvennleg og følgje så langt som råd dei føringane som er gitt for innreiing. Informasjonsarbeidet vert regulert i ein kommunikasjonsplan for NAV Volda som også vil innehalde reglar for informasjonssamarbeid mellom NAV Volda og Volda kommune.

Pkt. 15 Drift

NAV Møre og Romsdal og Volda kommune er samde om at dei kvar for seg ansvarlege for sin del av felles driftsutgifter i kontoret i høve til tal årsverk partane er representerte med.

Tal årsverk representerer 15 tilsette i NAV Volda.

Adm.sjefen syner til at kostnadsprinsippet, fordeling av andre kostnader og faktureringsordningar mm. er avtalt i driftsavtalen(v2).

Pkt 16 og 17 treng ikkje nærare kommentarar..

Pkt. 18 Avtaleperiode

Volda kommunestyre vedtek å inngå samarbeidsavtalen mellom NAV Møre og Romsdal og Volda kommune. Samarbeidsavtalen vert signert av partane og gjort gjeldande frå vedtaksdato. Samarbeidsavtalen skal evaluerast fyrste gong medio 2008 slik at partane kan justere det som eventuelt må justerast/korrigerast etter eit års virke. Seinare vert avtalen evaluert 2. kvart år.

Driftsavtalen mellom Volda kommune og NAV Møre og Romsdal

Adm.sjefen syner til vedlagt driftsavtale. Driftsavtalen er eit vedlegg til samarbeidsavtalen. Styringsgruppa handsama driftsavtalen i sitt møte den 4. mai 2007. Driftsavtalen er samrøystes godkjent i styringsgruppa.

Driftsavtalen slår mellom anna fast at NAV Møre og Romsdal er leigetakar og Volda kommune er utleigar.

Avtalen har også reglar for kostnadsfordelinga mellom partane. Prinsippet om rettferdig kostnadsfordeling ligg til grunn for fordelingsnøkkelen som avtalen syner til. Partane er samde om at det er tal årsverk som leggst til grunn for fordelinga av kostnadane.

Kostnadsfordelinga vert då som avtalen syner; om lag 75 % staten og om lag 25 % kommunen. Dei 10,5 årsverka frå staten si side er inkludert leiarstillinga i NAV Volda. Adm.sjefen syner til at tal årsverk i avtalen er dei som no er kjent for partane. Evt. endringar i årsverk vil påverke kostnadsfordelinga. Adm.sjefen syner til at partane to gongar i året vil kunne vurdere/justere for slike endringar.

Driftsavtalen har også reglar for betaling og faktureringsordning.

Husleigeavtalen mellom NAV Møre og Romsdal og Volda kommune

Husleigeavtalen er godkjent av styringsgruppa sitt møte den 4. mai 2007.05.07

Volda kommune er utleigar og tek på seg ombygginga av biblioteket og kostnadane for denne ombygginga. NAV Møre og Romsdal er langsiktig leigetakar med rettar og pliktar og betaler husleige, mm. slik det går fram av leigeavtalen. Partane teiknar ein husleigeavtale for 5 år med leigetakar sin rett til å lengje avtalen i 3 x inntil 5 år på gjeldande vilkår. Avtalen inneheld også reglar leigeregulering i perioden. Lokalet skal vere klart for overtaking i avtala stand den 12. november 2007.

Helse og miljøkonsekvensar:

Etablering av lokalt NAV – kontor vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for helse og miljø.

Økonomiske konsekvensar:

Volda kommune skal bygge om biblioteket til NAV – kontor. Utforminga av kontoret er resultatet av eit godt og breidd samarbeid i etableringsprosjektet. Det har vore ei eiga arbeidsgruppe som i samarbeid med arkitekt og byggeteknisk konsulent har presentert teikning av lokalet (v4) med kostnadsoverslag (v5) som styringsgruppa har godkjent.

Volda kommune vil i perioden 2006 – 2009 få om lag kr. 1.465.000,- som kompensasjon for kommunen sine utgifter til etablering av NAV – kontor (v6). Staten utbetalar kompensasjonen gjennom rammetilskotet, etter ordinær kostnadsnøkkel (v7).

Ombygging av biblioteklokalet til NAV – kontor har ein kostnad på vel 2,7 millionar kroner (v5). Adm.sjefen syner til at partane er samde om at Volda kommune som huseigar og utleigar tek på seg ombyggingskostnadane. Ombyggingskostnadane vert finansiert med låneopptak. NAV Møre og Romsdal vert ein langsiktig leigetakar og betalar husleiga etter inngått avtale (v3). Slik sett er ombygginga ingen økonomisk risikofaktor for kommunen. Volda kommune sine ombyggingskostnadar vert relativt raskt dekt inn av husleiga og statlege overføringar. Sjå vedlagt driftsavtale og husleigeavtale.

Vidare er det trong for to ekstra serverar til om lag kr. 100.000,- kvar

Staten dekkjer IKT og telefonikostnadane ved etablering av NAV Volda, med unntak av dei installeringane kommunen må ha på plass for å kunne knyte statleg og kommunalt nettverk saman.

Den einaste risikoen adm.sjefen ser med ombygginga er om kommunen klarer å halde fristen frå staten for ferdigstilling av lokalet. 12.november 2007 skal NAV Volda vere klar til drift. Dvs. at lokalet må vere ferdigstilt i god tid før denne datoen av omsyn til IKT og telefonmontering. Skulle kommunen ikkje greie fristen vil det mellom anna ha som konsekvens dagbøter. IKT og telefoni vert ikkje installert etter oppsett plan og må utsetjast på ubestemt tid. Ei utsetjing av etableringa vil ikkje berre påføre Volda kommune negative økonomiske konsekvensar, men kommunen vil samstundes kunne framstå som ein upåliteleg

samarbeidspartnar. Adm.sjefen legg difor alt inn på at Volda kommune har lokalet ferdigstilt til den dato som vert fastsett.

Elles vert kostnadsfordelinga for felles driftsutgifter slik som driftsavtalen legg til grunn. Felles driftsutgifter vert dekt etter tal årsverk som partane legg inn i kontoret. Dette vert ein sak for partnerskapsmøtet og må sjåast i samband med inngåtte avtalar og tilpassast budsjettarbeidet for 2008.

Lønsutgiftene til NAV – leiar vert fordelt mellom NAV Møre og Romsdal og Volda kommune etter kostnadsfordelingsnøkkelen i driftsavtalen.

Etableringsprosjektet skal ha eit felles etableringsbudsjett(v9) og femnar om felles kostnadar i etableringsfasen. Styringsgruppa har gjort vedtak og budsjettet er no til vurdering hjå NAV Møre og Romsdal. Adm.sjefen legg til grunn at Volda kommune sin del av kostnadane vil omtrent følgje kostnadsfordelingsnøkkelen mellom staten og kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

NAV Volda skal ha sin eigen beredskapsplan. NAV –kontoret vert ein del av det statlege og kommunale beredskapsapparat. I tillegg syner adm.sjefen til samarbeidsavtalen som seier at NAV Volda vil delta i kommunen si omsorgs – og beredskapsgruppe.

Vurdering og konklusjon:

Adm.sjefen har vurdert alle sider ved etablering av NAV Volda. Volda kommune og NAV Møre og Romsdal er samde om alle punkt i dei avtalane som no leggst fram. Skulle ein legge dei røynslene som adm.sjefen har med samarbeidet med NAV Møre og Romsdal til grunn, så lover det godt for det framtidige samarbeidet i NAV Volda.

Adm.sjefen konkluderer med å rå Volda kommune til inngå Samarbeidsavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre

Jarle B Krumsvik
adm. sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Reidulv Langvatn

Arkivsak nr.: 2007/559

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
39/07	Eigedoms- og forvaltningsstyret	15.05.2007
55/07	Kommunestyret	31.05.2007

BYGGEOMRÅDE AUSTEFJORD - GRUNNAVTALE

Behandling i EIGEDOMS- OG FORVALTNINGSSTYRET den 15.05.07 sak 39/07

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1. Volda kommune godkjenner avtalen med eigarar av gb.nr. 46/1 og 46/13 om kjøp av areal slik det er sagt avtalen. Føresetnad for godkjenninga er at området vert omregulert og kan nyttast til bustadføremål.*
- 2. Administrasjonssjefen vert gitt i oppdrag å syte for igangsetting og gjennomføring av reguleringsprosessen, seinast slik det er føresett i avtalepunkt nr. 11.*
- 3. Administrasjonssjefen vert bedd om å oppdatere kostnadstala så snart tilstrekkeleg arealplanlegging er på plass.*

Handsaming:

Permisjon:

Jørn Olav Løset fekk permisjon og forlet møtet.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommune godkjenner avtalen med eigarar av gb.nr. 46/1 og 46/13 om kjøp av areal slik det er sagt avtalen. Føresetnad for godkjenninga er at området vert omregulert og kan nyttast til bustadføremål.*
- 2. Administrasjonssjefen vert gitt i oppdrag å syte for igangsetting og gjennomføring av reguleringsprosessen, seinast slik det er føresett i avtalepunkt nr. 11.*
- 3. Administrasjonssjefen vert bedd om å oppdatere kostnadstala så snart tilstrekkeleg arealplanlegging er på plass.*

Vedleggsliste:

1. Avtaleforslag med eigarar av gb.nr. 46/1 og 46/13 om kjøp av byggegrunn m.m.
2. Kartutsnitt som viser arealet som er med i kjøpsavtale.
3. Kart i mål 1:2000 som viser areal som er ynskt regulert.

Samandrag av saka:

Med bakgrunn i samarbeid som gjort med grendalaga i Hjartåbygda, Austefjord, Kalvatn, Bjørke og Høydal om bygdeutvikling har ei kommuneoppnemnd prosjektnemnd arbeid med å finne byggeområder i desse bygdene. For Austefjord vart det konkret vist til eit område på Leite, der det vart gjort førehandstinging med eigarar.

Ordførar, adm.sjef og repr. for komm.tek. avd. har tinga fram avtaleforslag om arealkjøp.

Saksopplysningar:

I samband med handsaming av økonomiplanen i K-styret, sak 0032/05, i møte den 21. april 05 vart det gjort vedtak om to prosjektnemnder, ei med arbeidsområde Austefjorden og ei med arbeidsområde Dalsfjord. Det vart også gitt mandat og at arbeidet skulle leggest fram hausten 2005. Men saka har teke meir tid.

I møte den 9. mai 06 gjorde EFS vedtak om samansetting av prosjektnemndene. Det vart då også sett opp framdrift der K-styret skulle ha rapport seinast 15.09.06.

I K-styresak 0112/06 i møte den 19.12.06. vart prosjektnemnda sitt arbeid drøfta og det vart gjort vedtak om vidare saksgang. Det vart der gitt signal om korleis ein vidare tenkte seg å førebu for tomteutbygging på Fyrde og i Hjartåbygda. Mest konkret vart det for Fyrde.

Etter den tid har ordførar, adm.sjef og repr. for komm.tekn. avd, det gjort tinging med eigar av gb.nr. 47/1 og 47/13 om eit område på ca 10 da. søraust for Austefjord skule, nær opp til denne.

Tinginga omfattar området sørvest for riksvegen mot kommunevegen til kaia. I tillegg er det gitt løyve til arealkjøp for bygging av reinseanlegg/pumpestasjon ved kaivegen.

Avtaleforslaget med grunneigar gir også forrett for dei som vil bygge bustader i feltet til også kunne få kjøpe nausttomter ved fjøra nedanfor så langt arealet rekk.

Prisen for området er i avtaleforslaget gjort slik at Volda kommune skal betale først når det vert gjort anleggsarbeid i marka. Den prisen som er tinga fram skal då justerast i samsvar med den endring som vil bli i SSBs konsumprisindeks med utgangspunkt i kjend indeks tingsdato, som var 29. mars 2007.

Det er vidare gitt løyve til å bygge turvande leidningstrasear, utanfor feltet, i den grad det er behov for det grunna tekniske anlegg i feltet.

Avtaleforslaget har to atterhald som bør merkast. Det første er føresetnad om Statens vegvesen si godkjenning av bygging nærare riksvegen enn den generelle avstanden på 50 m. Dette bør vere rimeleg å vente godkjent, då reguleringsplan for ny riksveg med tunnel er planlagt.

Den andre føresetnaden er at plan/reguleringsarbeid kjem i gang i inneverande år (2007) Det aktuelle arealet er oppdyrka og har jordbruksstatus. Det må difor omdisponerast til bustadføremål.

Eigar av gb.nr. 46/1 ynskjer også at størst mogeleg del av sitt området, på nedre side av Rv 651, vert medteke når det skal utarbeidast reguleringsplan. Det bør då vere plass for byggetomter langs vegen sør for Austefjord mek.verkstad. Dette arealet ynskjer eigar ikkje med i kjøpsavtalen, men vil avhende det direkte til aktuelle kjøparar. Avskjerande spillvassleidning for dette arealet er planlagt bygd inneverande år. Vidare ynskjer

grunneigar at området mot elva/sjøen frå gb.nr. 46/15 og nordover vert regulert til fritidsføremål med hamn- og naustområde.

Dersom det skulle vise seg å vere interesse for bygging, er det nærliggande, at også området på øvre side av vegen (noverande Rv651) aust for skuleområdet, kan vere interessant til bustader. Ved bygging av ny riksveg er det rimeleg at noverande veg vert kommuneveg. Denne vil då kunne verte sær s rimeleg vegtilknytning for tilstøytande byggetomter.

Grunneigar sa i tingingsmøtet, at prisen for arealet måtte avspeile minst det som kunne ventast om arealet fortsatt skulle nyttast til grasproduksjon, med så kort transport til driftsbygning. Prisen vart difor kr. 35.- pr m2. Dette er noko meir enn kva som hittil har vore betalt for slike areal i bygdeområda. Friviljug avtale kan vel likevel vere med å forsvare denne prisen. Pris for eit mindre areal, til pumpestasjon/reanseanlegg ved kommunevegen til kaia, er tinga til kr. 12.- pr. m2.

Vurdering og konklusjon:

Hovudspørsmålet i saka er om prisen er akseptabel. Vidare bør det snarast avklarast kor vidt Statens vegvesen vil kunne dispensere frå generell byggeavstand og i det heile gi tilknytingsløyve. Reguleringsprosessen bør difor kome i gang også ut få den framdrift som er føresett i avtalen. Også tilhøve til jordbruksmynde treng avklaring.

Kr. 35.- pr.m2 er eit hakk høgare enn kva ein tenkte då ideen om byggetomter sør for Austefjord skule dukka opp. På andre sida er dette eit sær s rimeleg areal å bygge ut. Men dette skuldast også at kommunen på slutten av 70-talet kosta første byggesteg for avskjerande spillvassleidning, noko som også medverka til at det vesle feltet på indre del av Fyrde vart utbygd. Totalkostnaden for byggeklare tomter bør då likevel bli akseptabel for dei som ynskjer å busetje seg. Normalt er det kostnaden med tekniske anlegg som utgjør hovuddelen for investering i byggeklar tomt.

To bustadhus som ligg ovanfor dette byggeområdet må tilknytast avløpsystemet i det nye feltet då dei i dag ikkje er påkopla off. nett. Kanskje gjeld det også to-tre hytter i skogkanten

Bygda har privat vassverk. Det må difor også avtalast om vassforsyning til det nye området. Dette bør ikkje vere noko problem då vassverket har god og rikeleg stor vasskjelde.

Forslag til vedtak:

1. Volda kommune godkjenner avtalen med eigarar av gb.nr. 46/1 og 46/13 om kjøp av areal slik det er sagt i avtalen. Føresetnad for godkjenninga er at området vert omregulert og kan nyttast til bustadføremål.
2. Samordnings- og utviklingstaben vert gitt i oppdrag å syte for igangsetting og gjennomføring av reguleringsprosessen, seinast slik det er føresett i avtalepkt nr. 11.
3. Kommunalteknisk avd. vert bedd om å oppdatere kostnadstala så snart tilstrekkeleg arealplanlegging er på plass.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen spesielle helse- og miljømessige konsekvensar, med det eg no kan sjå.

Økonomiske konsekvensar:

Det er tre faktorar som vil medføre økonomiske utlegg. Planleggingsprosess, grunnkjøp og utbygging av tekniske anlegg.

Det er i økonomiplanen sett av 1,5 mill kr.

Grovt rekna vil det bli slike kostnader. Planlegging og arkeologi er særst usikkert.

Grunnkjøp vil åleine bli kr. 350- til 400.000.-

Kostnad med planlegging ca kr. 150.000.- Arkeologiundersøking kr. 50.000.-

Tekniske anlegg 1,2 mill kr. Samla kostnad kr. 1,8 mill kr. Delt på ev. 8 tomter vil det bli kr. 225.000.- pr tomt.

Kostnad må reviderast når meir handfaste planer ligg føre.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen spesielle beredskapsmessige konsekvensar.

Jarle B Krumsvik
Adm.sjef

Asbjørn J. Aasebø
leiar kommunalteknisk avd.

Utskrift av endeleg vedtak:

Vigdis Leite Høydal og Norleif Høydal , 6110 Austefjord

Samordnings- og utviklingstaben v/Per Heltne, her

Kommunalteknisk avdeling v/Asbjørn J Aasebø

Klageinstans:

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Svein Berg-Rusten

Arkivsak nr.: 2007/405

Arkivkode: J10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/07	Formannskapet	21.05.2007
56/07	Kommunestyret	31.05.2007

TRONGEN FOR OMSORGSBUSTADER I VOLDA KOMMUNE

Behandling i FORMANNSKAPET den 21.05.07 sak 49/07

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- A.** *Kommunestyret tek til vitande trongen for omsorgsbustader i Volda:*
- 1. Innanfor eldreomsorga har Volda kommune behov for om lag 20 nye bemanna husvære etter at Fjordsyn er tatt i bruk. Renovering av Mork bustader vil auke behovet, då talet bueiningar ved Mork mest truleg blir redusert pga. arealkrav pr. bueining frå Husbanken. Eventuelt auka behov etter renovering av Mork bustader skal stettast ved utbygging på Lauvstad og/eller Folkestad.*
 - 2. I løpet av ei 5-6 års periode vil det vere behov for 10 – 12 bustader for utviklingshemma. Fem av desse burde vere klare allereie i 2007.*
 - 3. Innanfor det psykiske helsevernet treng ein 4 nye husvære komande 2 års periode.*
- B.** *Kommunestyret prioriterer tiltaka slik:*
- 1. Bygging av fem samlokaliserte bustader for psykisk utviklingshemma.*
 - 2. Totalrenovering av Mork bustader.*
 - 3. Bygging av omsorgsbustader for eldre på Lauvstad.*
 - 4. Utviding kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad.*
- C.** *Kommunestyret ber om at byggenemnda for renovering av Fjordsyn startar planlegginga av 1. og 2. prioritet i pkt B, og set av kr 250.000,- til føremålet. Finansiering: Disposisjonsfondet.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Administrasjonen si tilråding:

- A. *Kommunestyret tek til vitande trongen for omsorgsbustader i Volda:*
- 1. Innanfor eldreomsorga har Volda kommune behov for om lag 20 nye bemanna husvære etter at Fjordsyn er tatt i bruk. Renovering av Mork bustader vil auke behovet, då talet bueiningar ved Mork mest truleg blir redusert pga. arealkrav pr. bueining frå Husbanken. Eventuelt auka behov etter renovering av Mork bustader skal stettast ved utbygging på Lauvstad og/eller Folkestad.*
 - 2. I løpet av ei 5-6 års periode vil det vere behov for 10 – 12 bustader for utviklingshemma. Fem av desse burde vere klare allereie i 2007.*
 - 3. Innanfor det psykiske helsevernet treng ein 4 nye husvære komande 2 års periode.*
- B. *Kommunestyret prioriterer tiltaka slik:*
- 1. Bygging av fem samlokaliserte bustader for psykisk utviklingshemma.*
 - 2. Totalrenovering av Mork bustader.*
 - 3. Bygging av omsorgsbustader for eldre på Lauvstad.*
 - 4. Utviding kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad.*
- C. *Kommunestyret ber om at byggenemnda for renovering av Fjordsyn startar planlegginga av 1. og 2. prioritet i pkt B, og set av kr 250.000,- til føremålet. Finansiering: Disposisjonsfondet.*

Vedleggsliste:

Utdrag frå St.melding 25 (2005 – 2006) Mestring, muligheter og mening. Framtidas omsorgsutfordringer.

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Kommunestyret hadde 29.03.07 oppe sak om totalrenovering av Mork bustader i samband med ettercoming av krav frå Mattilsynet. Før kommunestyret ville ta stilling i den saka vil dei ha lagt fram ei sak der administrasjonen gjer greie for trongen for omsorgsbustader for ulike brukargrupper.

I saka vert det fokusert på behova til ulike brukargrupper. Behova til rusmisbrukarar vert ikkje tekne med. Administrasjonen jobbar med dette parallelt og vil legge fram sak om det seinare. Administrasjonen jobbar og med ei sak der utredning av behovet for offentlege avlastningsplassar for born vert lagt fram.

I denne saka vert behova til eldre, psykisk utviklingshemma og personar med psykiske problemstillingar lagt vekt på. Det blir kommentert prioritering av dei ulike tiltaka.

Saksopplysningar:

Psykisk utviklingshemma:

I kommunen har vi 12 kommunale husvære med langtidsutleige for denne målgruppa. Bustadene er lokaliserte på tre plassar i sentrumsområdet. Det er svært lite gjennomtrekk i husværa. Det er uaktuelt å operere med venteliste til desse husværa. Å vente til noko vert ledig er inga løysing. Behovet for nye bustader har vore på sakskartet både i økonomiplan og vore behandla av kommunestyret til årsbudsjett både i 2005 og 2006. I 2005 hadde pleie- og omsorgsavdelinga ikkje kapasitet til å ta saka grunna arbeid med omorganiseringa av avdelinga og innkøying av det nye omsorgssenteret. I 2006 hadde avdelinga ikkje midlar til å utføre arbeidet.

I kommunen er det mange utviklingshemma som er i kategori etableringsklar. Dei har kome i ein alder der det er naturleg å flytte ut heimanfrå, og familiare er rådlause for kva dei skal gjere. I mellomtida søkjer fleire om utvida avlastningstilbod med kommunen og får medhald hjå fylkesmannen.

Under arbeidet med bustadsosial handlingsplan vart det kartlagt behov for bustader til 7 personar. Fem av desse vart tilrådd samlokalisert bustad med bemanning. I løpet av 5 – 6 år kan lista mest truleg supplerast med 5.

For å løyse dei mest presserande bustadbehova for denne målgruppa ser pleie- og omsorgsavdelinga føre seg at både kjellaren på Fjordsyn og ombygging/ endring av Severinhaugen 3 kan vurderast som aktuelle løysingar.

Eldre:

Eldreomsorga i kommunen har over tid måtta prioritert tøft når omsorgsbustad eller institusjonsplass skal tildelast. Det er mange forhold/ tendensar som gjer at etterspurnaden på plass er stor. Fleire eldre gir fleire med skrantande helse. Spesielt frå aldersgruppe 80+ og 90+. Samfunnet er i endring. Familien, som tidlegare budde saman og hjelpte kvarandre i det daglege, er i større grad ute på jobb og/ eller har flytta vekk. Lovverket har gitt innbyggjarane tydelegare rettar i høve tenester. Dermed er det oftare det offentlege som må overta omsorg- og tilsynsfunksjon for dei eldre når eiga evne sviktar. Det er og ein tendens at det vert fleire ”yngre- eldre” som og treng tenester frå det offentlege. Ofte er personane i denne gruppa storforbrukarar av tenester. Summen av alt dette gir auka etterspurnad, men situasjonen er for mangfaldig til å forutsjå eksakte behovstal.

Framskrivning av tal henta frå SSB for Volda kommune. Ein vesentleg vekst av tal eldre over 80 vil skje i tidsrommet 2030 til 2050.

Alder/ År	2005	2010	2015	2020	2025
60 - 69 år	710	924	1016	1001	1022
70 - 79 år	554	507	606	795	881
80 - 89 år	403	391	328	319	395
90+	76	84	94	89	79
Sum	1743	1906	2044	2204	2377
Auke frå 2005		163	301	461	634

I St. melding nr 25 (”Framtidas omsorgsutfordringer”) les vi mellom anna at ”den største økningen av tjenestemotakere de siste tiår er personer under 67 år”. Vidare les vi at ”tallet på eldre over 80 år fordobles de neste 35 år. Den sterkeste tilveksten skjer først fra rundt 2020.”

Pr. dato er dekningsgrada på talet institusjonsplassar og døgnbemanna omsorgsbustader i Volda på 28,8% av talet eldre over 80 år. Prognosen på landsbasis(St. meld. 25, kap. 5.3.3.) viser 32,5%. Kapasitetsmessig vert situasjonen betra når Fjordsyn står ferdig i haust, då vil dekningsgraden stige til 35,9%(om kjellaren også vert nytta til eldreføremål). Dei 34 plassane vil raskt bli utleigde ved at ”Kløvertun” flyttar ned(15 personar) og overbelegget på omsorgssenteret bør vekk (7 – 8 personar). Når ventelister på omsorgsbustad(ca. 20) og institusjonsplassar(6) er prioriterte, samt nye spesifikke søknader til nye Fjordsyn(pr. dato 8), er det grunn til å hevde at heile Fjordsyn vert fullt.

Når det gjeld **nybygging** av omsorgsbustader for eldre har pleie- og omsorgsavdelinga tidlegare prioritert utbygging av prosjektet Helselaget på Lauvstad har planar om(Molvik tomte). Deretter evt. ei utviding på Folkestad på eit eller anna vis. Vår prioritering er ikkje endra på det.

For pleie- og omsorgsavdelinga representerer Mork bustader eit heilt sentralt tilbod i høve kapasitet og trong for plassar, og kommunen har gjort seg heilt avhengig av bygget. Pr. dato bur 30 personar der. Men, Mork bustader vart ikkje bygd med tanke på det formålet det no

vert nytta til. I tillegg har bygget aldri vore renovert. At mattilsynet har reagert på fleire forhold er ikkje overraskande. Kapasitetsmessig vil ei ombygging truleg føre til redusert kapasitet i høve slik det vert nytta i dag. Dersom Husbanken skal finansiere ombygginga, vil retningslinjene deira stille andre krav til areal og innhald enn det den einskilde bueining har i dag. Men, det er vanskeleg å oppretthalde drifta på Mork bustader utan totalrenovering. **Frå pleie- og omsorgsavdelinga vil ei totalrenovering av Mork bustader bli prioritert framfor nybygging på Lauvstad.**

Psykiatri:

Psykiatritenesta disponerer pr. i dag 9 husvære. Fem av desse er samlokalisert med personalbase. Pr. dato er det fire personar med ei psykiatrisk diagnose som har søkt og fått avslag på omsorgsbustad. I tillegg er det fleire andre søkarar med blandingsproblematikk rus/psykiatri. Fleire av desse vert fanga opp gjennom saka eg innleiingsvis orienterte om skal skrivast spesielt for rusrelatert bustadbehov.

Ei utfordring innanfor psykiatrifagfeltet er at brukarane er ei ueinsarta gruppe. Det gjeld både med omsyn til psykiatrisk diagnose, alder og hjelpebehov. Såleis kan det for einskilde vere nærliggande å bli tildelt plass f. eks i omsorgsbustader for eldre, noko som også skjer. Eit anna moment i høve behov for bustader er at Volda kommune er vertskommune for distriktskykiatrisk senter(DPS). Det har vist seg at einskilde personar med lengre opphald på DPS ynskjer busette seg i Volda. Det har dei naturlegvis full rett til å gjere.

For personar med omfattande hjelpebehov, vil det driftsmessig vere ein fordel for kommunen å samlokalisere bustader for desse. Dette prinsippet gjeld for alle brukargrupper.

Vurdering og konklusjon:

Nybygging:

Behovet for nye omsorgsbustader er mest prekært for psykisk utviklingshemma. Det vil vere fornuftig av kommunen å vere på forskudd og kunne tilby samlokaliserte bustader til dei som vil etablere seg. Bustadane må vere plasserte og utforma slik at folk ynskjer seg dit. Eit anna viktig moment er tenestetilbodet ein kan tilby. Å samlokalisere bustadane vil gjere tenesteytinga meir effektiv enn om bustadane ligg spreidd. Brukarane har uansett krav på fagleg forsvarleg tilbod frå kommunen, så dersom alle vel å kjøpe eigne husvære plassert uavhengig av kvarandre, vil det fordyre tenesteytinga.

Kommunen bør sikre seg framtidig areal til omsorgsbustadføremål, då ein stadig erfarer at nyetableringar er tidkrevjande.

Bygging av omsorgsbustader på Lauvstad vil vere førsteprioritet på nybygging til eldreføremål. Pleie- og omsorgsavdelinga har svært god erfaring med desentraliserte tilbod, f.eks Folkestadtun. Vi ser at det betyr mykje for bygda å ha lokalisert tilbod på Folkestad, oppslutninga frå bygdefolket og personalet er svært positivt. Når omsorgsbustader står ferdig på Lauvstad, bør det vurderast korleis kapasiteten på Folkestad kan aukast.

Renovering:

Prosjektet på Lauvstad og Folkestad vert prioritert etter totalrenovering av Mork bustader. Nærmare dokumentasjon på tilstanden for Mork bustader er overflødig. Den beste måten å få dette dokumentert på er gjennom ei synfaring. Også bustadane i Severinhaugen 3 og 5 (v/ Fjordsyn)har behov for ei større renovering. Viser og til nyleg rapport frå eigedomsavdelinga som konkluderte med at bustadane var svært slitne og ”må pussast opp”.

Areal:

Volda kommune treng disponibelt areal og ein plan for vidare utbygging av omsorgsbustader for ulike målgrupper. Slik det er no er det for tilfeldig kva som skjer, med resultat at kvar prosess før byggestart tek for lang tid.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det er til ei kvar tid stor belastning på dei tilsette i institusjonstenesta og ved dei døgnbemanna omsorgsbustadane våre. Det er dobbeltromsproblematikk/ overbelegg og det å måtte ta hand om personar som burde vore på eit høgre omsorgsnivå som gjer jobbkvardagen ekstra tøff. Det er og ein vanskeleg situasjon å måtte prioritere mellom mange som eigentleg burde fått tilbod på eit høgre omsorgsnivå enn det vi har muligheit å gi tilbod om. Å gi betre butilhøve til alle som treng det vil lette jobbelastninga for mange.

Økonomiske konsekvensar:

Det er kjent at husbanken frå 2008 vil ha ekstra midlar for å stimulere til byggeføremål for det offentlege. Midlane gjeld både til renovering og nybygging, og planlegging av prosjekt er oppfordra kan ta til i 2007.

Sist kommunen mottok tilskot for bygging av omsorgsbustader (Bastianmarka), fekk ein 740.000,- pr. bustad, fordelt på 175.000,- i oppstartingstilskot og 565.000,- i kompensasjonstilskot. Husleiga som blir krevd for leilegheitene er pr.dato ca. 4.800,- pr mnd., straum ikkje inkludert.

Erfaring tilseier at det vert gunstigare for kommunen å bygge på kommunal grunn enn å måtte kjøpe både grunn og hus med ein leverandør.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert.

Jarle B Krumsvik
adm. sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2007/372

Arkivkode: L33, 13/20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/07	Det faste planutvalet	21.05.2007
57/07	Kommunestyret	31.05.2007

FJØSTOMT TIL SAGARELVA SAMDRIFT - AVKLARING I FORHOLD TIL PÅGÅANDE PLANARBEID

Behandling i DET FASTE PLANUTVALET den 21.05.07 sak 43/07

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Søknaden om deling for bortbygging av fjøstomt til Sagarelva Samdrift på gbnr.: 13/20 kan handsamast ferdig, sjølv om tiltaket ligg innafor planområdet til det pågåande arbeidet med kommunedelplanen for Volda sentrum.

Handsaming:

Det vart halde synfaring i saka.

Gunnar Strøm og Ingrid Opedal reiste spørsmål om dei var ugilde. Dei tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Røysting vedk. ugildskap:

Gunnar Strøm vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Ingrid Opedal vart samrøystes kjend gild. Ho tok sete.

FRP v/Jon Georg Dale kom med fylgjande tilleggsframlegg som nytt pkt. 2:

2. Saka vert oversendt kommunestyret for endeleg avgjerd.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 5 røyster og vart vedteke. 4 røysta mot.

FRP v/Dale sitt framlegg til pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Det faste planutvalet – 21.05.2007:

- 1. Søknaden om deling for bortbygging av fjøstomt til Sagarelva Samdrift på gbnr.: 13/20 kan handsamast ferdig, sjølv om tiltaket ligg innafor planområdet til det pågåande arbeidet med kommunedelplanen for Volda sentrum.*
- 2. Saka vert oversendt kommunestyret for endeleg avgjerd.*

Administrasjonen si tilråding:

Søknaden om deling for bortbygging av fjøstomt til Sagarelva Samdrift på gbnr.: 13/20 kan handsamast ferdig, sjølv om tiltaket ligg innafor planområdet til det pågåande arbeidet med kommunedelplanen for Volda sentrum.

Vedleggsliste:

Situasjonsplan

Vedlegg til søknaden frå Sagarelva Samdrift

Utsnitt frå Kommunedelplan for Mork

Uprenta saksvedlegg:

Søknadspapira

Samandrag av saka:

Saka gjeld vurdering om søknaden om bygging av fjøs for Sagarelva samdrift kan handsamast no før kommunedelplanen for Volda sentrum er ferdig eller om ein bør vurdere å legge ned bygge- og deleforbod etter pbl. § 33.

Saksopplysningar:

Volda kommune har motteke søknad om deling for bortbygging av fjøstomt til Sagarelva Samdrift. Fjøstomta ligg på gbnr.: 13/20 på Mork, innafor planområdet til kommunedelplanen for Volda sentrum nær inntil industriområdet i Furene. Tiltaket er i tråd med gjeldande kommunedelplan i området og delinga kan ut i frå dette handsamast utan dispensasjon. På grunn av at tiltaket kan verke styrande på arealbruken i området finn vi det likevel nødvendig med ei drøfting av situasjonen før vidare handsaming. Dersom det faste utvalet for plansaker finn at tiltaket vil gjere arbeidet med planlegginga eller gjennomføring av planen vanskeleg i området kan dei legge ned midlertidig bygge- og deleforbod jfr. pbl. §33.

I samband med kommuneplanarbeidet er det frå kultur- og næringsavdelinga meldt inn behov for utviding av industriarealet. På denne bakgrunnen kalla planseksjonen Sagarelva samdrift, kultur- og næringsavdelinga og landbruksavdelinga inn til eit møte 09.05.07. Planseksjonen såg behovet for ei drøfting av forholdet mellom behov for utviding av industriarealet og etablering av eit fellesfjøs i same området, og om desse næringsaktivitetane kunne drivast i same område, dette var tema på møtet.

Frå Sagarelva samdrift møtte Fredrik Mork Håskjold, Kari Redse Håskjold og Kolbein Ryste. Frå Kultur- og næringsavdelinga møtte Gunnar Andenes og Per Ernst Lundberg. Frå Planseksjonen møtte Heidi Istad. Frå landbruksavdelinga møtte ingen pga. sjukdom.

Under møtet vart det opplyst at sjølve fjøset kan sjåast på som eit næringsbygg. Dyra vert innandørs i lausdrift og det vert lite lukt frå verksemda, anna enn ved spreining av gjødsel. Situasjonen når det gjeld gjødsling vil ikkje medføre endring frå i dag. Plassering av fjøset er gjort etter grundig vurdering av fleire moment. Tomta ligg på eigedomen til ein av medlemmane i Sagarelva Samdrift, den ligg utafør dyrka mark og det er godt tilkomst til tomta utafør bustadområde. Sagarelva samdrift meiner det er betre å legge fjøset nær eit industriområde enn inntil eit bustadfelt. Det vart også lufta tankar om eventuell utnytting av bioenergi frå samdrifta og at denne gjennom eit fjernvarmenett kunne nyttast til industriverksemdene i området.

Fjøstomta er tenkt plassert på eit ikkje oppdyrka areal, men kan vanskeleg flyttast innan dette området på grunn av ei djup myr anslått til 20 m djup, som ligg vest for den omsøkte tomte.

Det vil vere behov for rom rundt fjøsbygninga, men den avgrensa tomta i søknaden er vurdert som tilstrekkeleg areal. Eit usikkert moment er likevel om det frå sentralt hald vert sett beitekrav frå 2012. Då vert det truleg behov for luftegard nær fjøset.

På spørsmål om eventuell utviding av industriareal mellom den tiltenkte fjøstomta og dagens industriområde, vart det frå Sagarelva samdrift konstatert at dei har behov for alt areal dei har pr. i dag og at dei er klart negativ til å gi frå seg meir areal. Ein av deltakarane i Sagarelva samdrift har mista areal i samband med pågåande og planlagde vegprosjekt og ser det som vanskeleg å fortsette drifta dersom meir av garden sitt areal forsvinn.

Kultur- og næringsavdelinga opplyste at eit føretak i det tilgrensande industriarealet har behov for om lag 5 daa.

Sagarelva samdrift opplyste vidare at det finnes dyrka areal i området som per i dag ikkje er tilgjengeleg for samdrifta.

Vurdering og konklusjon:

Planane til Sagarelva Samdrift vil heilt klart verke styrande for utviklinga i området ved at det avgrensar muleg utviding av industriarealet. Det er likevel slik at Sagarelva samdrift legg opp til ei driftsform som kan la seg kombinere med plassering nær eit industriareal. Samdrifta er imidlertid negative til å miste meir areal, samtidig som det er behov for ei utviding av industriarealet mot det planlagde fjøset på om lag 5 daa.

Trenden i landbruksnæringa er slik at valet for mange står mellom å investere i driftsbygning på eiga hand, inngå samarbeid og investere i samdriftbygning, eller å legge ned. Når Sagarelva samdrift planlegg å investere i ny driftsbygning på Mork vil dette vere med på å sikre framtidig landbruksdrift i bygda, noko som er i tråd med nasjonal politikk.

Etablering av fjøset vil først og fremst vere i konflikt med industriområdet i forhold til eit konkret ønske om å omdisponere om lag 5 daa. dyrka mark til fordel for industriareal. Det er også slik at etablering av fjøset vil sette ei endeleg grense for utviding av industriarealet mellom Industrivegen og E 39 så lenge landbruksdrifta held fram. Det er likevel slik at det finnes anna dyrka areal i området som kan nyttast i samdrifta, mens føretaket som ønskjer utviding av industriarealet alternativt må flytte verksemda si om dei ikkje får utvidingsarealet.

Sjølv om det omsøkte tiltaket vil påverke arealbruken i området meiner eg at planutfordringane likevel kan løysast slik at det vert plass til begge verksemdene i området, det vil seie at industriområdet må kunne utvidast med dei omtalte 5 daa. det slik sett ikkje er nødvendig å legge ned bygge- og deleforbod etter pbl. §33. Søknaden om deling for bortbygging av fjøstomt til Sagarelva Samdrift på gbnr.: 13/20 kan dermed handsamast før planarbeidet er ferdigstilt.

Helse og miljøkonsekvensar:

Etablering av Sagarelva samdrift sin fjøs vil kunne sikre framtidig landbruksdrift på Mork.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjente

Beredskapsmessige konsekvensar:

Verdifullt jordbruksareal vert halde i aktiv drift.

.....

Jarle B. Krumsvik
adm.sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2007/1265
		Arkivkode:	U62

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
48/07	Formannskapet	21.05.2007
58/07	Kommunestyret	31.05.2007

ETABLERING AV VINMONOPOLBUTIKK - GODKJENNING AV LOKALITET

Behandling i FORMANNSKAPET den 21.05.07 sak 48/07

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 116/06 om salsløyve, og godkjenner i samsvar med alkohollova § 3-3 at AS Vinmonopolet etablerer sjølvbetjent utsal i Industrigata 12, utleigar Volda Sentrum AS.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 7 røyster og vart vedteke. 2 røysta mot.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 116/06 om salsløyve, og godkjenner i samsvar med alkohollova § 3-3 at AS Vinmonopolet etablere sjølvbetjent utsal i Industrigata 12, utleigar Volda Sentrum AS.

Vedleggsliste:

1. Brev av 2.5.07 frå AS Vinmonopolet
2. Utdrag frå Ot.prp. nr. 86 (2003-2004)

Uprenta saksvedlegg:

K-sak 116/06, 19.12.06.

Samandrag av saka:

I k-sak 0116/06, 19.12.06, fekk Vinmonopolet løyve til sal av brennevin, vin og øl med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent alkohol. Kommunestyret godkjende også sjølvbetjening ved den nye Vinmonopolbutikken i Volda kommune.

I samsvar med alkohollova § 3-3- søker Vinmonopolet no om godkjenning av lokale for utsal i Industrigata 12, utleigar Volda Sentrum AS (kjøpesenteret). Eg rår til at kommunestyret godkjenner lokaliteten.

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde i sak 0116/06, i møte 19.12.06, følgjande vedtak med 22 mot 5 røyster:

Volda kommunestyre gir i medhald av § 3-1 i alkohollova AS Vinmonopolet løyve til sal av brennevin, vin og øl med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent alkohol.

Kommunestyret godkjenner sjølvbetjening ved den nye Vinmonopolbutikken i Volda kommune.

I samsvar med alkohollova gjeld løyvet fram til 30.6.08.

I følgje alkohollova § 3-3 skal kommunen også godkjenne lokala løyvet skal drivast frå. Vinmonopolet har lyst etter lokale, og det ligg no føre søknad om godkjenning av utsal i Industrigata 12, utleigar Volda Sentrum AS (kjøpesentret), jfr. vedlagde brev av 2.5.07 (vedlegg 1).

Når kommunestyret no skal godkjenne den konkrete plassering av utsalet, vil eg peike på at lokalpolitikarane står svært fritt i si skjønsmessige vurdering. Dette går fram av førearbeida til "lov om endringer i lov 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. og enkelte andre lover" (Ot.prp. nr. 86 (2003-2004)). Eg viser her til vedlagde kopi av det som står i nemnde ot.prp. om kommunen si sakshandsaming (vedlegg 2).

Alkohollova § 3-3 §3-3 lyder no slik: "*Departementet kan fastsette høyeste antall salgsbevillinger og fordelingen av disse. Kommunestyret fastsetter det høyeste antall utsalgssteder for AS Vinmonopolet innen kommunen og godkjenner deres beliggenhet. Bestemmelsen i § 1-7a første ledd første punktum gjelder tilsvarende.*" Ordlyden i §1-7 er slik: "*Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig.*

Det som er aktuelt å vurdere i denne saka, er slik eg ser det *beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig.*

Det ligg vel i saka sin natur at utsalet må ligge i Volda sentrum Etter det eg kjenner til har Vinmonopolet vurdert 2-3 alternative plasseringar, men har no altså ynskje om etablering i Industrigata 12, utleigar Volda Sentrum AS (kjøpesenteret).

Næringspolitisk er det viktig at polet no vert etablert i Volda. Ei etablering vil vere med på å redusere handelslekkasje ut av kommunen. Lokalt har det i den seinare tid vore ei forskyving av handelsverksemdar frå vestre del av sentrum mot aust (kjøpesenteret). Ei etablering av polet i vestre del av sentrum kunne kanskje vere med på å balansere handelen i sentrum. På den andre side ser eg klart at poletablering i kjøpesenteret kan utløyse andre etableringar her, og dermed totalt sett styrke Volda som handelssenter.

Trafikk- og ordensmessige forhold spesielt parkering, er utfordrande same kvar ei poletablering ville kome i Volda sentrum. Parkeringstilhøva ved kjøpesenteret er gode for ei slik etablering her.

Hensynet til lokalmiljøet for øvrig, som t.d. kan gjelde alkoholpolitiske omsyn, kan det vere grunn til å dvele litt ved. Driftsstyret har i møte 22.11.06, sak 63706, gjort vedtak om at

Volda kommunen sluttar seg til intensjonsavtale med Møre og Romsdal fylke, Midt-Norsk Kompetansesenter for rusfaget og Actis- rusfeltets samarbeidsorgan for frivillige organisasjonar, der det m.a. går fram at ein skal styrke samhandling og samarbeid overfor risikoutsatte barn og unge i høve rusførebyggjande tiltak. Dette samarbeidet er kalla KRUS, og det er i kommunen oppnemnd ei tverrfagleg gruppe som skal arbeide med dette. KRUS er ein del av "Rusførebygging God Helse", som igjen er ein del av "God Helse"- satsinga, som Volda kommune er med i.

Denne gruppa har så langt arbeidd med og gjort framlegg om følgjande tiltak: Arbeid med "tidleg intervensjon" og "ansvarleg vertskap".

- "Tidleg intervensjon" gjeld kompetanseheving for tilsette ved helsestasjonen, sosial og barneverntenesta og i barnehagane for betre å kunne retteleie gravide, sped- og småbarnsforeldre.
- "Ansvarleg vertskap" inneber tiltak for å skape dialog og formidle kompetanse til politikarar, sals- og skjenkeansvarlege, foreldre og andre vaksne om dei verkemidlane som har dokumentert effekt for å avgrense bruken av rusmidlar.

Auka tilgang på alkohol kan føre til auka forbruk, med dei ulemper dette kan skape for den einskilde og samfunnet. I rundskriv I-6/98 frå sosial og helsedepartementet vedk. § 1-7a i alkohollova heiter det m.a.

"Ønsket om å begrense tilgjengeligheten av alkohol spesielt overfor ungdom gjør at kommunen kan avslå en søknad om skjenkebevilling utfra plasseringen i nærheten av skole, ungdomsklubb eller idrettsarena. Det kan også legges vekt på skjenkestedets målgruppe, og avslag kan begrunnes i at stedet tiltrekker seg ungdom, selv om disse er over 18 år."

Ut frå slik § 3-3 i alkohollova lyder no, kan ein tolke ovannemnde sitat frå rundskrivet analogt i høve plassering av utsal. Eg finn det såleis ut frå ein sosialpolitisk ståstad noko betenkjeleg at Vinmonpolet søkjar om løyve til utsal med m.a. inngang frå Industrigata 12, vegg i vegg/dør i dør med studenthuset Rokken, der mykje ungdom samlast (sjølv om desse er over 18 år). Ei slik plassering fører også til ein "konsentrasjon" av skjenke/utsalsstad som kan vere på kollisjonskurs med ynskjet om å begrense tilgang på alkohol. Ein annan lokalitet for polet, kanskje i vestre del av sentrum, kunne såleis vere å foretrekke.

Vurdering og konklusjon:

Etter ei samla vurdering finn eg likevel å legge avgjerande vekt på Vinmonpolet sitt ynskje, og vona om at fleire nye butikkar kjem til etter at polet etablerer seg i kjøpesenteret. Eg rår såleis kommunestyret til å godkjenne omsøkte lokalitet i Industrigata 12.

Helse og miljøkonsekvensar:

Eg viset til vurderinga k-sak 0116/06, 19.12.06, og til utgreiinga ovanfor.

Økonomiske konsekvensar:

Eg viser til vurderinga i k-sak 0116/06, 19.12.06.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Jarle B Krumsvik
adm. sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

AS Vinmonopolet
Boks 1944 Vika
0125 Oslo

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2007/66

Arkivkode: L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/07	Kommunestyret	31.05.2007
46/07	Det faste planutvalet	21.05.2007

REGULERINGSPLAN ØVRE SKJELLEBREIDA

HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN

Behandling i DET FASTE PLANUTVALET den 21.05.07 sak 46/07

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1. Reguleringsplan for "Øvre Skjellebreida", plan datert 1.03.2007, med tilhørende føresegner vert eigengodkjent i samsvar med pbl §27-2 nr. 1.*
- 2. Kommunestyret viser til moglege fjernvarmeanlegg i Volda i framtida, og ber utbyggjar vurdere å legge til rette for framtidig tilknytning til slikt anlegg.*

Handsaming:

Ingrid Opedal, SV, kom med fylgjande framlegg som nytt pkt. 2:

- 2. Kommunestyret viser til moglege fjernvarmeanlegg i Volda i framtida, og ber utbyggjar vurdere å legge til rette for framtidig tilknytning til slikt anlegg.*

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Ingrid Opedal sitt framlegg fekk 6 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Administrasjonen si tilråding:

Reguleringsplan for "Øvre Skjellebreida", plan datert 1.03.2007, med tilhørende føresegner vert eigengodkjent i samsvar med pbl §27-2 nr. 1.

Vedleggsliste:

Framlegg til reguleringsplan, oversending og planbeskrivelse datert 1.03.2007

Plankart datert 1.03.2007

Reguleringsføresegner datert 1.03.2007

Illustrasjonar bygg og terrengprofilar/visualisering terrengmodell.

DFP-sak 26/07, 19.03.2007

Merknader etter offentlig ettersyn

Saksopplysningar:

Det Faste planutvalet gjorde den 19.03.2007 i sak 26/07 (arkivnr. 2007/66), vedtak om utlegging av reguleringsplan for "Øvre Skjellebreida" til offentlig ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova § 27-1 nr 2.

Planframlegget gjeld areal mellom Røysbakken og Anders Vassbotnveg frå Spar-mat i vest og oppover.

Tidlegare plan for området er plan for Skjellebreida eigengodkjent 30.01.2003.

Frist for høyring etter off. ettersyn var sett til 27.04.2007.

Eg viser til kopi av DFP-sak 026/07 som ligg ved saka.

Mottekne merknader ved offentlig ettersyn:

Møre og Romsdal Fylke, brev av 27.04.07:

Viser til at tidlegare merknader i høve omsyn til barn og unge sine interesser no er teke omsyn til, men at det bør gå fram av planføresegnene at ansvar for opprusting av leikeplass/kommunalt friområde skal gjennomførast før innflytting i bustadane på området.

Kommentar: *Føresegnene er endra slik at dette vert ivareteke.*

Statens Vegvesen, brev av 20.04.07:

Ingen merknad

Eldrerådet, vedtak i sak 19/07, den 17.04.07:

Ingen merknad.

Helsesjef/Kommuneoverlege, notat datert 25.04.07:

Området, som er regulert til bustad- og forretningsføremål, er relativt sentrumsnært. Ut frå parallelle erfaringar (bl.a frå Spinneritomta) vil Helseavdelinga understreke at kombinasjonen bustadføremål/forretningsdrift så sentrumnært kan gi støyulemper for dei framtidige bebuarane og er potensiale for støykonfliktar mot forretningsverksemdar.

Dette kan skje ved støy frå alt etablerte tiltak rimeleg nært Skjellebreia. Men det kan også skje ved at det vert ny-etablert forretningsføremål, t.d. restaurantdrift med uteservering, underhaldning og musikk etc.

I utbyggingsplanen bør ein elles innarbeide fornuftige støyreducerande tiltak for å redusere faren for framtidige konfliktar og klagemål.

Harald Sunddal, brev av 25.04.07: (kopi ligg ved saka):

Viser til dårleg kommunikasjon i planprosessen, og at dei ikkje har fått den informasjon og orientering som ein har behov for i ei så stor regulerings sak. Går mot den heving av gesimshøgde på 1.5 m som no vert gjort framlegg om sett i høve til tidlegare plan. Auka gesims- og byggehøgde og ein dominerande og skjemmaende byggekloss så nær inn på gamal bebyggelse vil kunne gje verdiforringing av eigedomane ved ev. sal.

Utbygginga passar dårleg inn mot etablert utbygging i området og i Volda sentrum.

Kommentar: Argumentasjonen har vore prøvd i høve planoppstart og førehandsvarsling og Det faste planutval har vurdert utbygginga som tilfredsstillande sett i høve til

utbyggingsform, byggehøgde og omsyn til naboar/nabobebyggelse, og sett i høve til lokal byggeskikk og estetikk. Merknaden inneheld såleis ikkje nye moment som ikkje tidlegare er vurdert i saka. Merknaden gir ikkje grunn til endra haldningi saka.

Eg gjer elles merksam på at spørsmål om eventuell verdiforring kan fremjast som sak etter nabolova.

Gaute Hareide, brev av 25.04.07: (kopi ligg ved saka):

Viser til at dei framlagde illustrasjonar (datasimulert) gjev eit missvisande bilete for korleis utbygginga vil framstå.

Ønskjer slike illustrasjonar utarbeidd med utgangspunkt i eigen eigedom, og sett frå område ved Eurospar og Anders Vassbotnvegen. Saknar også kotehøgder på reguleringsplan.

Viser til at framlagde profildeikningar berre viser planlagt bygg /tomt og ikkje tilhøvet til eksisterande bygg/eigedomar.

Ut frå det store og dominerande preg som bygget vil få set han fram krav om slike teikningar. Saknar og profildeikningar for planlagt leikeplass.

Finn ikkje at det i saka er teke nok omsyn til krav til uteområde og barn og unge sine interesser, sett i høve til den sterke utnyttinga på området. For lite og for dårleg areal avsett til slike områder.

Finn ikkje at opplegget for erstatningsareal/alternativt leikeareal tilfredsstiller gjeldande forskrifter.

Krev at planlagt utbygging av ein etasje til på FK" må gå ut då det ikkje er tilgjengeleg areal til uteområde på denne tomta.

Viser elles til at bygget vil få eit sterkt dominerande preg, ein koloss av eit bygg, med utbygging og form som er sterkt framand sett i høve til eksisterande byggeskikk.

Viser elles til at det er byggekostnad som styrer planlagt utbygging, og er overbevist om at dette kunne gjerast rimelegare med redusert terrenginngrep og annan utbyggingsform.

Tilrår at bygget på FK3B vert redusert til inntil 3 etasjar, eventuelt med kjellar, og med bustader i 2.og 3. høgda, tilpassa eksisterande miljø.

Kommentar:

Argumentasjonen er kjent frå tidlegare fase i planprosessen, og har vore gjenstand for vurdering i planutvalet tidlegare.

Planutvalet har vurdert dei framlagde illustrasjonar som tilfredsstillande og funne å kunne akseptere planlagt utbygging i volum og form slik det no er fremja gjennom plan.

Eg finn og grunn til å vise til at planlagde løysingar for leikeareal og uteoppfallsareal også no er akseptert av M.R.Fylke sin tilfredsstillande for å ivareta barn og unge sine interesser.

Vurdering av etasjetal og byggehøgde er konkret vurdert tidlegare i planprosessen og eg finn ikkje grunn til å gå nærare inn på dette no.

Torill Hasfjord Bjørneset og Dan Bjørneset, brev av 27.04.07: (kopi ligg ved saka):

Viser til dårleg kommunikasjon i planprosessen, og at dei ikkje har fått den informasjon og orientering som ein har forventa og som ein har behov for i ei så stor reguleringsak.

Viser til at kommunedelplan for sentrum no er under revisjon, og at slik utbygging som her lagt opp til med planar for oppføring av store boligblokker burde vore handsama gjennom denne prosessen for å sjå dette i lys av kva som er ønskelig utvikling i Volda sentrum.

Peikar elles på at planlagt bygg vil verte svært dominerande . Plassert midt i eit område med mykje gamal bebyggelse vil dette verke framandt og totalt neglisjere omsynet til lokal byggeskikk og miljø.

Vil ta store deler av utsikta frå nabobygga, mot sentrum og fjorden.

Viser til den betydelege trafikkauken som utbygginga vil føre med seg og det uheldige som dette medfører sett i høve til Røysbakken som viktig skuleveg.

Kommentar:

Argumentasjonen er kjent frå tidlegare fase i planprosessen, og har vore gjenstand for vurdering i planutvalet tidlegare.

Med omsyn til saksgang er dette gjennomført i samsvar med reglane i PBL § 27-1, i alle høve innanfor dei minimumskrav som lovverket krev. Slik informasjon og medverknad i planprosess kan alltid gjerast betre, men det kviler og eit ansvar på den einskilde part å vere aktiv inn mot planarbeidet, når varsel om planoppstart eller vedtak om offentleg ettersyn er motteke.

Utbyggingsvolum -, form-, og omsynet til naboeigedomar/nabobebyggelse har vore grundig vurdert i høve fremjing av plan, og planutvalet har funne løysingane tilfredsstillande sett i høve til desse omsyna, herunder også den påverknad som prosjektet vil kunne ha for utsikt frå desse.

Eg finn ikkje at merknadane no medfører vesentleg nytt set i høve til dei innspel som låg føre ved handsaming av plan ved vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.

Eg fin nu t frå dei vurderingar som planutvalet då la til grunn ikkje at det er grunn til endringar i plan som følgje av mottekne merknader.

Drette med unntak av merknad frå M.R. Fylke som er teke omsyn til.

I planbeskrivelse er det sagt at ein vil arbeide vidare med det fasademessige uttrykk for byggeprosjektet og at detaljar knytt til dette ikkje er bindande del av reguleringsplan. (jf kommentar til merknad frå Gaute Hareide).

Eg legg til grunn at dette vert fylgt opp i byggesak, og at ein her vurderer endra utforming m.a. for toppetasjen, ved t.d. tilbaketrekking av denne, endra materialbruk og fargesetting, samt vurdering av valt takutforming for å lette det dominerande preg som bygget elles vil kunne få, basert på dei volum og byggehøgder som planframlegget legg til grunn.

Med grunnlag i Planutvalet si tilråding om fremjing av plan vil eg rå til at planframlegget vert eigengodkjent i samsvar med pbl §27-2 nr. 1.

Jarle B. Krumsvik
Adm.sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Utskrift av saka går til Planseksjonen for kunngjering av plan.

Kopi:

Tømrrer Service as, Snippa 6, 6100 Volda

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Gunnar Andenes

Arkivsak nr.: 2007/1270

Arkivkode: U64

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

60/07

Kommunestyret

31.05.2007

SLUTTRAPPORT FRÅ PROSJEKTNEMNDA FOR CRUISEHAMN I VOLDA

Behandling i CRUISENMENDA

CRUISENMENDA SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Det vert etablert eit interimstyre som skal arbeider vidare med planane for å få etablert eit selskap som skal stå for marknadsføring, mottak og tilrettelegging for cruisetrafikk på Vikeneskaia. Selskapet bør bestå av bedrifter og privatpersonar som har interesse for Volda som cruisedestinasjon.

2. Interimstyret består av dei medlemne frå den nedlagde cruisenemnda som frivillig ynskjer å vere med vidare. Styret bør vere ope for dei som har interesse for Volda som cruisedestinasjon.

3. Kultur- og næringsjefen fungerer som interimstyret sin sekretær, til eit eige selskap er etablert. Han kallar inn til første møte.

Saksopplysning:

Kommunestyret vedtok 28.09.2006 å opprette ei prosjektnemnd med mål om å legge til rette for cruisetrafikk til Volda. I vedtaket heiter det:

Nemnda får til mandat å utgreie om infrastruktur(sikringstiltak, trong om kaihus osv),mottaksapparat/opplevingstilbod og ikkje minst kva marknadsføring og finansiering som må til.

Vedleggsliste:

Sluttrapport frå prosjektnemnda for cruisehamn i Volda

Gunnar Andenes
Kultur- og næringsjef

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Gunnar Andenes	Arkivsak nr.:	2007/423
		Arkivkode:	252

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
61/07	Kommunestyret	31.05.2007

NORDVESTKOMPETANSE EIGEDOM AS - TILBAKEMELDING TIL KOMMUNESTYRET

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre tek tilbakemeldinga frå Nordvestkompetanse Eigedom AS til vitande.

Vedleggsliste:

Brev frå Nordvestkompetanse Eigedom AS datert 30.04.07.

Jarle B Krumsvik
adm. sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Nordvestkompetanse Eigedom AS v/Jørgen Holte